



# Norske Landbrukstjenester

## -Forsikringspakke 2007-

Forsikringspakken til NLT er eit resultat av eit samarbeid og avtalar mellom fylgjande parter:

NLT: Som administrator og formidlar til medlems- og bygdeservice laga. For dette reknar NLT seg eit honorar i tillegg til risikopremien frå forsikringsgjeveren(e). Prisane nedanfor er inklusive både risikopremien og dette honoraret.

Willis: som forsikringsmeklar (innkjøper og uavhengig forsikringsrådgjevar) med NLT som oppdragsgjevar

Gjensidige Forsikring: som forsikringsgjevar på ansvars-, underslag, formueskade-, prosjektforsikring og frå 01.05.2005 også på yrkesskade, fritidsulykkes- og reiseforsikring

*NB! Alle som har sendt inn elektronisk informasjon om lønn og regnskap -2006 til NLT vil snart få en bekreftelse på forsikringene med mulighet for endringer. De som ikke har sendt inn disse rapportene må gjøre det snarest råd for å få forsikringene i orden til 1.mai.*

Hovudforfall: 1. mai 2007

Spørsmål om forsikringane kan rettast til NLT, tlf. 53 48 22 80.

Bestilling og innsending av dokumentasjon skal sendast til NLT, 5476 Mauranger, eller på telefax: 53 48 22 71.

Sjå [www.landbrukstjenester.no](http://www.landbrukstjenester.no) for vilkår og informasjon

Alle prisane gjeld frå 1. mai 2007 til 30. april 2008.

Alle prisar er pris til avløyssarlaget. Innbetaling kan ikkje delast i to, dette for å unngå termintillegg på prisane.

***NB!** Produktoversikta under er meint som informasjon og er ikkje uttømmande vilkår. Vilkåra finn de på [www.landbrukstjenester.no](http://www.landbrukstjenester.no)*

---

## Bedriftsforsikring

---

Bedriftsforsikring er ikkje dekkja gjennom NLT pakken. Det einsskilde lag teiknar denne sjølv, - som tidlegare. Pass på å ha ei dekning som står i samsvar med investeringane i kontorutstyr, maskiner osv. I tillegg bør innbrot, vannskade o.s.v. vera dekkja.

---

## Yrkesskade - yrkessjukdom (Arbeidstid)

---

### Dekningsområde

Skadar/sjukdomar som den forsikra kan bli påført under utøving av arbeidet sitt, i arbeidstida, og på arbeidsstaden. Rikstrygdeverket avgjer om skaden/sjukdommen er relatert til yrke.

### Erstatningar

*Ervervsuførhet*; Eingongserstatning for tap i framtidig inntekt ved uførleik. Erstatning avheng av "rest-arbeidsevna". Rikstrygdeverket avgjer storleiken på uføregrad. Uføregraden må kunne målast, men det er i prinsippet inga nedre grense for å få erstatning.

*Meinerstatning*; Skattefrie eingongsutbetaling som utbetalast ved medisinsk invaliditet. Erstatninga er uavhengig av arbeidsevna.

*Dødsfall*; Erstatning utbetalast til ektefelle/registrert partner/sambuar. I tillegg til erstatning for den som er forsikra, vil det bli utbetalt ei eiga erstatning til barn, og eit gravferdsbidrag på 0,5 G. I tillegg erstattast

- påførte utgifter/behandlingsutgifter
- tapt inntekt fram til tidspunktet for oppgjer
- framtidige meirutgifter

NB. Forsikringa dekkjer **alle typar arbeid** som avløyssarlaget har arbeidsgjevaransvar for (lønnar ut). Hovudregelen er at arbeidet, så langt som mogeleg, skal vera relatert til landbruket. Det er full dekning sjølv om utlønning skjer i ettertid. Dekningsområde og erstatning er etter lov om yrkesskade frå 1. jan 1990.

**NLT sin pris er 0,97%**

(Året før 0,89%)

## Ansvar

Forsikringa omfattar:

- Erstatningssum pr. skade 10 mill.
- Familieavløysing er dekket på lik linje med andre.
- Bygg og anlegg.
- Dekningsområde gjeld og motorvogn, traktor og arbeidsmaskiner.
- Eigenandel er kr. 4000,-. For familieavløysing er eigenandelen kr. 6000,-.

Forsikringa er utvida til å omfatte sikrede sin rettslege erstatningsansvar for tingskade ved gravings-, piggings-, sprengnings- (herunder bruk av ekspanderende masse), spuntings- og pelingsarbeider.

Eigendelen ved kvart skadetilfelle under denne delen av forsikringa er 10%, minimum kr 10.000, maksimum kr 100.000, dog aldri mindre enn avtalt eigenandel.

Ansvarsforsikringa har oppheva varetaksklausul, og gjev god økonomisk dekning for skade som kan skuldast avløysaren. Bør teiknast av alle lag som har arbeidsgjevaransvar.

**NLT sin pris er 0,18%**

(Året før 0,16%)

## Reiseforsirking

Forsikringa gjeld for tenestereiser som varer inntil 30 dagar og gjeld i EØS området, og omfattar fylgjande:

- |   |                         |
|---|-------------------------|
| • Personleg reisegods   | 15.000.                 |
| • Reisegods som tilhøyrrer avl.laget  | 15.000.                 |
| • Reisesjuka  | Ubegrensa               |
| • Heimtransport v/sjukdom   | Ubegrensa               |
| • Pengar (ran og tjuveri)   | 2.000 pr. skadetilfelle |
| • Pengar stelt frå låst safe  | 3.000 pr. skadetilfelle |
| • Verdigienstandar  | 6.000 pr. skadetilfelle |
| • Reiseansvar   | 3.000.000               |
| • Legebehandling, sjukehusopphald, tannlege som følgje av ulykke eller heimtransport. |                         |

**NLT sin pris er  
kr 210,- pr. person pr. år**  
(Året før kr 205,-)

## Underslag

Underslagsforsikringa dekkjer direkte økonomisk tap som medlemmen måtte bli påført som følgje av at tilsette i avløysarlaget (også avløysar) gjer seg skuldig i følgjande straffbare handlingar:

- Underslag
- Tjuveri
- Bedrageri
- Utruska
- Dokumentfalsk

Forsikringssum: kr. 500.000,-  
Eigenandel: kr. 25.000,-

**NLT sin pris er  
kr. 1.200,- pr. lag pr. år.**  
(Året før kr 1100,-)

## Formuetap

Formueskade er økonomisk tap som ikkje skuldast skade på person eller ting. Forsikringa dekkjer erstatningsansvar (økonomisk tap) som avløysarlaget etter gjeldande rett kan pådra seg under utøving av verksemda, for så vidt ansvaret gjelder formueskade påført ein anna (bøndene) ved forgløymelse, feilskrift, feilregning, feilhørsel, feilinformasjon eller andre umedvitne feil frå nokon av avløysarlaget sine tilsette (avløysarar eller kontortilsette). Forsikringa dekkjer alle tilsette i avløysarlaget, også familieavløysarar.

Forsikringssum kr. 500.000 pr. tilfelle.  
Eigenandel 10 % - minimum kr. 10.000,- maksimum kr. 35.000,-.

NLT sin pris er  
kr. 1.200,- pr. lag pr. år.  
(Året før kr 1100,-)

## Ulykke fritid

Forsikringa gjeld i avløysaren si fritid,- yrkesskadeforsikringa gjeld berre i arbeidstid. Ulykke fritid er først og fremst berekna på avløysarar med stillingsprosent over 50%. Alle kontortilsette bør sjølvsgt vera dekkja.

Forsikringa skal teiknast personleg med namn på den forsikra. Dette skal registrerast hjå forsikringsselskapet,- det skal haldast ajourført namneliste (vi vil koma tilbake til korleis dette skal gjerast enklast mogleg).

NB! Dersom laget betalar denne forsikringa til avløysaren skal dette lønsmeldast.

Forsikringa dekkjer:

- Ulykkesskade som rammar den forsikra
- Dødsfallerstatning til den forsikra sin ektemake/sambuar
- Dødsfallerstatning til den forsikra sine barn
- Invaliditetserstatning til den forsikra
- Tap av framtidig inntekt til den forsikra

Eks. på erstatning ved inntekt 7 G og alder 45 år:

- Ved død 15 G
- Ved invaliditet 4,5 G
- Ved uførhet 22 G

NLT sin pris er  
kr. 500,- pr. person pr. år.  
(Året før kr 400,-)

Spørsmål om forsikringane kan rettast til NLT, tlf. 53 48 22 80.

Bestilling og innsending av dokumentasjon skal sendast til NLT, 5476 Mauranger, eller på telefaks: 53 48 22 71.

Sjå [www.landbrukstjenester.no](http://www.landbrukstjenester.no) for vilkår og informasjon